


DEN NORSKE KYRKJA

Naustdal kyrkjelege fellestråd



Kultur og Kirkedepartementet
Postboks 8030, Dep
0030 OSLO

Vår ref.:

Deres ref.:

Datert: 20.08.2008

Styrka demokrati i Den norske kyrkja.

Høyringsinnstilling

frå Naustdal kyrkjelege fellestråd.

Demokratiarbeid er viktig. Sokneråd og kyrkjeleg fellestråd bør engasjere seg i slike prosessar. Det er då eit demokratisk problem at innstillinga går til uttale til sokne- og fellestråd rett før ferien og høyringsfrist er sett før rådsarbeidet er kome skikkeleg i gang igjen.

Valdag.

Felles valdag over heile landet er viktig for å kunne samordne nasjonale og regionale informasjonstiltak og såleis skape større interesse for soknerådsvalet.

Valdag på same dag som stortingsval eller fylkes og kommuneval kan kanskje fungere, men faren er at soknerådsvalet druknar i den offentlege valkampen.

Val på same dag og i alle valkrinsar for soknerådsvalet fører til store endringar og utfordringar lokalt og det er avgjerande at økonomisk støtte til valet dekker faktiske kostnader.

Tilskot

1. krone pr medlem som administrasjonstilskot er for lite.

Auka bruk av direkte val.

Direkte val ved valet til Kirkemøtet og bispedømmeråd kan vere positivt og føre til større engasjement. *Det er då særst viktig med gode nasjonale og regionale informasjonstiltak.*

Demokrati blant tilsette

I ei demokrativurdering så bør ein også sjå på demokratiet blant tilsette i kyrkja. Det er ei ulogisk skeivfordeling mellom vigsla og ikkje vigsla si deltaking i bispeval. Deltakinga bør følgje stillingar og storleik på stillingar framfor vigsla eller ikkje vigsla stillingar.

Eit alternativ er å ha direkteval på biskop for alle medlemmar i Den norske kyrkja i det enkelte bispedøme.

Kurs for rådsmedlemmer


Kurs for nye rådsmedlemmer er viktig. Men det er også viktig korleis kursa vert gjennomførte. Det er viktig med kurs der nye rådsmedlemmer får innføring i arbeidet lokalt. Bispedømet sine prostivise kurs kan gjerne kome etter eit år der målet med kurset er inspirasjon til vidare innsats.

Rådsbok for folkevalde

Det vert ved kvart val laga ei bok for soknerådsmedlemmer av kyrkjerådet og ei bok for fellesrådsmedlemmer av KA. Det bør utarbeidast ei felles handbok for rådsmedlemmer. I demokratibyggning er det viktig at ein får lett, tilgjengeleg og oversiktleg informasjon. At alle fellesrådsmedlemmer skal forhalde seg til to handbøker som er delvis overlappende er ei dårleg løysing.

Naustdal kyrkjelege fellesråd

Erling Andvik
leiar


Jenny Ødøy Snildal
kyrkjeverje